

**Radøy kommune**

Att.: Tonje Nepstad Epland

DYKKAR REF: | VÅR REF: 10204419  
DOKUMENTKODE: 10204419-PLAN-NOT-01  
TILGJENGELIGHET: Open

Stord, 08.mai 2018

## **DETALJREGULERING MANGER SENTRUM AUST** **Vurdering etter KU-forskrifta, mai 2018.**

### **Innleiing**

KU- forskrifta seier i §4 at forslagstillar skal vurdere om planen eller tiltaket omfattast av KU-forskrifta §6, §7 eller §8.

Planframlegget for Manger sentrum aust vil innehalde føremåla næring, offentlege eller privat tenesteyting, veg og køyreveg, grøntstruktur og bustad.

Hovudføremålet med planen er å leggja til rette for etablering av brannstasjon, samt sikra tilkomst til næringsområda nord for eksisterande fylkesveg. Etablert avkøyrsløp er ved ein feil teke ut av nyaste reguleringsplan for området, og må difor regulerast på nytt for å sikra tilkomst til nye næringsetableringar.

Planen erstattar heilt eller delvis fleire gjeldande reguleringsplanar, samt kommunedelplan for Manger sentrum.

I oppstartsmøtet vart det gjort klart at det må gjerast ei vurdering av om planframlegget utløyser krav om KU og planprogram, etter forskrift om konsekvensutredningar §6-10. Ei vurdering av dette er gjort under.

### **§6 Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding.**

Bokstav b) slår fast at reguleringsplanar for tiltak i vedlegg I skal konsekvensutgreiast. Vedlegg I lister opp ei rekke planar og tiltak som krev konsekvensutgreiing. Det er berre gjort ei vurdering av dei punkta på lista som planen kan fella innunder.

Pkt. 24 – *Næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på meir enn 15 000m<sup>2</sup>.*

Punkt 24 gjeld for utviding av bruksareal i forhold til gjeldande plan eller bygd areal. Ein legg opp til bygging av brannstasjon, utviding av miljøstasjon og kommunalt lager for salt og liknande i den nordvestlege delen av planområdet. BRA på desse bygga er ikkje endeleg avgjort, men forprosjektet viser ein brannstasjon på maksimalt 3000 m<sup>2</sup> BRA.

Ein legg ikkje opp til auke i bygningsvolum i forhold til kva gjeldande planar opnar for, og soleis er ikkje den totale auken i bygningsmasse i forhold til kva det vert opna for i gjeldande planar, større enn 15.000 m<sup>2</sup>.

Planen fell ikkje under §6 bokstav b).

Vurdering etter KU-forskrifta

### **§7 Planer og tiltak etter andre lovers om alltid skal konsekvensutgreiast, men ikkje ha melding.**

Planframlegget fell ikkje inn under punkt a) vassdragsreglar eller b) statleg plan i §7.

### **§8 Planer og tiltak som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn.**

Bokstav a) seier at reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II skal konsekvensutgreiast om dei kan få vesentlege verknader etter §10.

Vedlegg II punkt 10b) *«utviklingsprosjekter for by- og tettstedsområder, inkludert kjøpesentre og parkeringsanlegg»*

Punkt 11 bokstav j) *«Næringsbygg, herunder kjøpesentre som ikkje inngår i pkt. 10b, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg for allmennyttige formål».*

Planframlegget for Manger sentrum aust er eit utviklingsprosjekt for by- og tettstadsområde i Manger sentrum. Framlegget skal dermed vurderast etter forskrifta §§ 9 og 10.

### **§9 opplysningar som skal leggjast fram av forslagstillar**

*«Basert på kjent kunnskap skal det gis en kortfattet beskrivelse av:*

- a) *planen eller tiltaket, tiltakets fysiske egenskaper og lokalisering og eventuelle rivningsarbeider*
- b) *miljøverdier som antas å bli vesentlig berørt og som krever særskilte hensyn*
- c) *planens eller tiltakets forventede vesentlige virkninger som følge av reststoffer, utslipp og produksjon av avfall*
- d) *forventede vesentlige virkninger som kan følge av bruken av naturressurser.»*

- a) I tilbodet og på oppstartsmøtet vart planen sitt innhald diskutert. Her gjekk det fram at planen i hovudsak skal leggja til rette for regulering av tilkomst til eksisterande næringsområde, samt ny brannstasjon og utviding av miljøstasjon inn i område med offentlig føremål. Det skal elles leggjast til rette for utviding av barnehage med uteområde, og vidareføring av gjeldande planstatus for resten av næringsområdet.
- b) Konsulent har gått gjennom eksisterande registreringar, og ein er kjend med at det er forureina grunn i området. Planområdet er allereie regulert til næring, og ein legg soleis ikkje opp til nye næringsområde som kan få negative konsekvensar for landbruk og naturverdiar.
- c) Det må leggjast til rette for skitten sone ved brannstasjon og miljøstasjon, men det vert elles ikkje lagt opp til verksemder som gir vesentleg auke i utslipp av farlege stoff eller produksjon av avfall.
- d) Planen omfattar i stor grad eksisterande utbygde område, og ein er ikkje kjend med at den får vesentlege verknader som følgje av bruken av naturressursar.

### **§10 Kriterier for vurdering av om ein plan eller eit tiltak kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn**

*«I vurderingen av om en plan eller et tiltak kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn, skal det ses hen til egenskaper ved planen eller tiltaket, jf. annet ledd og planen eller tiltakets lokalisering og påvirkning på omgivelsene, jf. tredje ledd. Det skal også i nødvendig grad ses hen til egenskaper ved virkninger nevnt i fjerde ledd.»*

§10 lister egenskaper ved planen eller tiltaket:

## Vurdering etter KU-forskrifta

a) *Størrelse, planområde og utforming*

Planområdet ligg i Manger sentrum. Planområdet vil omfatte fleire eigedomar som i dag er bebygd, og som inneheld alt frå næringsbygg til miljøstasjon og helsehus/barnehage. Storleiken på planområdet er ikkje avklart, men vert om lag **107,1 daa**.

Planprosessen skal legge til rette for etablering av avkøyrsløse og brannstasjon, utviding av miljøstasjon og barnehage. Området er regulert i fleire ulike planar, til blant anna næring og offentlege føremål.

Planen gjeld etablering av avkøyrsløse og brannstasjon mm i allereie regulert område, og difor vurderer ein at storleiken, planområde og utforming ikkje å gje vesentlege verknader for miljø og samfunn. Planframlegget vert i tråd med overordna planar.

b) *Bruken av naturressursar, særleg areal, jord, minerealressursar, vatn og biologiske ressursar.*

Planområdet ligg i Manger sentrum. Planen vil ikkje gje vesentlege verknader for miljø og samfunn, eller medføre tap av naturareal.

c) *Avfallsproduksjon og utslepp*

Vert ikkje vurdert som relevant. Forureina grunn må vurderast i ROS-analyse. Området er allereie grunnforureina, og ein del av planarbeidet inneber å sjå på korleis ein kan gjere noko med dette.

d) *Risiko for alvorlege ulukker og/eller katastrofer*

Utbygging av næringsområde og offentleg tenesteyting vurderer ein ikkje å gje vesentleg verknad for risiko for ulukker/ og eller katastrofer. Avkøyrsløse vil oppfylle Statens vegvesen sine krav til frisikt. Risiko vert vurdert som del av ROS-analysen i planprosessen.

«Lokalisering og påvirkning på omgivelsene omfatter en vurdering av om planen eller tiltaket kan medføre eller komme i konflikt med»:

a) *«Verneområder etter naturmangfoldsloven kapittel V eller markaloven §11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldsloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven»*

Planområdet ligg i utkanten av Manger sentrum. Verknad for verneområdet etter naturmangfoldslova, utvalde naturtyper, prioriterte artar, verna vassdrag, nasjonale laksefjorder er ikkje forventa.

Planen vurderer ein til ikkje å komme inn under bokstav a).

b) *«Truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv»*

Planområdet ligg i utkanten av Manger sentrum. Verknad for trua artar eller naturtypar, verdifulle kulturminner og kulturmiljø, mineralressursar, samisk utmarksnæring og reindrift eller friluftsliv er ikkje forventa.

Planen kjem derfor ikkje inn under bokstav b).

c) *«Statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt imedhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.»*

Planen er ikkje forventa å komme i konflikt med statlege eller regionale planretningslinjer eller rikspolitiske retningslinjer. Planområdet ligg tett på sentrum, og utbygginga vert tråd med gjeldande regulerings- og kommunedelplanar.

Planen kjem derfor ikkje inn under bokstav c).

d) *«Større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsliv, samt reindrift eller områder som er av stor betydning for landbruksvirksomhet»*

## Vurdering etter KU-forskrifta

Planområdet er i gjeldande planar regulert til næring, offentlig tenesteyting og erverv. Planen kjem derfor ikkje inn under bokstav d).

- e) «Økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overkredet»

Planframlegget legg opp til utviding av NGIR sin miljøstasjon, samt etablering av brannstasjon. Ein vil gjennom føresegna til planen sikra at lukt- og støytilhøva vert akseptable og innanfor rammeverdiar sett i lovverk og veileiarar.

Planen kjem ikkje inn under bokstav e).

- f) «Konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning»

Utbygging av brannstasjon og næringsbygningar vurderer ein ikkje å gje negative konsekvensar for helse. Utviding av miljøstasjon, samt bygging av brannstasjon og nye næringsbygningar kan føra til konsekvensar for bekken som renn gjennom området, men dette vert vurdert i planen. Det same gjeld luftreining og støy, som må omtalast i planen. Ein legg ikkje opp til tungindustri eller næring som ikkje er foreinleg med lokalisering tett på helsefunksjonar og barnehage, samt bustader.

Planen kjem ikkje inn under bokstav f).


- g) «Vesentlig forurensning eller klimagassutslipp»

Utbygginga er ikkje forventa å få negative konsekvensar for forureining eller klimagassutslipp. Utbygging i sentrum er i tråd med overordna planar og retningsliner for å redusere forureinig og klimagassutslipp.

Planen kjem derfor ikkje inn under bokstav g).

- h) «Risiko for alvorlige ulykker som følge av naturfarer som ras, skred eller flom»

Planområdet inneheld næringsområde og offentlege funksjonar i dag. Deler av området er vist med aktsemdområde for flaum, som følgje av ei lita elv som renn får nord mot sør. Ein vurderer det likevel slik at det ikkje er potensiale for alvorlege ulukker i samband med elva, og temaet må skildrast i ROS-analyse.



Planen kjem derfor ikkje inn under bokstav h).

## Konklusjon

På grunnlag av gjennomgangen over vurderer ikkje forslagstillar at planen har krav om konsekvensutreiing.

Vurdering etter KU-forskrifta

Vennleg helsing

**Multiconsult**

Øyvind Skaar